

**KOMMISJONSVEDTAK****2015/EØS/10/10****av 4. juli 2008****om endring av vedlegg III til vedtak 2003/467/EF med omsyn til lista over regionar i Polen som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose***[meldt under nummeret K(2008) 3284]*

(2008/576/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rádsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg vedlegg D kapittel I del E, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 64/432/EØF er det fastsett at ein medlemsstat eller ein del av ein medlemsstat kan verte godkjend som offisielt fri for enzootisk bovin leukose, på det vilkåret at visse krav i det nemnde direktivet er oppfylte.
- 2) Lista over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie enzootisk bovin leukose, er oppført i vedlegg III til kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskapar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose<sup>(2)</sup>.
- 3) I det nemnde vedtaket, endra ved vedtak 2008/404/EF, er tolvt administrative regionar (powiaty) i den overordna administrative eininga (voivodskapet) Podkarpackie i Polen oppførte som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.
- 4) Polen har no lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at ytterlegare 13 administrative regionar (powiaty) i den nemnde overordna administrative eininga oppfyller krava i direktiv 64/432/EØF, slik at desse regionane i Polen kan verte godkjende som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.

- 5) Som følgje av vurderinga av den framlagde dokumentasjonen bør desse regionane (powiaty) i Polen godkjennast som offisielt frie for enzootisk bovin leukose i denne medlemsstaten.
- 6) Vedlegg III til vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

**GJORT DETTE VEDTAKET:***Artikkel 1*

I kapittel 2 i vedlegg III til vedtak 2003/467/EF skal oppføringa for voivodskapet Podkarpackie under postane for Polen lyde:

## — «Voivodskapet Podkarpackie

Powiaty:	bieszczadzki, brzozowski, dębicki, jarosławski, jasielski, kolbuszowski, krośnieński, Krosno, leski, leżajski, lubaczowski,łańcucki, mielecki, niżański, przemyski, Przemysł, przeworski, ropczycko-sędziszowski, rzeszowski, Rzeszów, sanocki, stalowowolski, strzyżowski, Tarnobrzeg, tarnobrzeski.»
----------	--

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 4. juli 2008.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunningjort i EUT L 183 av 11.7.2008, s. 40, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2010 av 29. januar 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 22.4.2010, s. 1.

(<sup>1</sup>) TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

(<sup>2</sup>) TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74. Vedtaket sist endra ved vedtak 2008/404/EF (TEU L 141 av 31.5.2008, s. 16).